



Saksframlegg

Saksbehandlar: Inge Horstad, Erlend Andre Haugsbø, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/8289-24

Kjøpssak 2016

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for samferdsle (HS) til å gjere slikt vedtak:

1. Ruteinnspela i vedlegg 1 vert vedtekne slik dei ligg føre.
2. Innsparingstiltaka i 2016 vert vedtekne slik dei ligg føre i vedlegg 2.
3. Nye ruter for å ivareta lokalrutefunksjonen i samband med omlegging av Sognebussen vert vedtekne som dei ligg føre i vedlegg 3.
4. Rutejusteringar i 2014 og 2015 (jamfør vedlegg 4 og 5) vert tekne til vitande.
5. Båtruta til Sandøy vert lagt ned. Båtruta til Alden vert redusert til ein tur/retur pr. veke.
6. Takst
 - a. Takstane for buss og båt vert auka tilsvarande KPI pluss ein prosent ekstraordinær takstauke. Total takstauke vert 3%.
 - b. Ny minstetakst for vaksen på buss og båt vert kr 30.
 - c. Minstetakst for barn på buss og båt vert uendra med kr 15.
 - d. Prisen for ungdomskort vert auka til kr 390.
 - e. Takstane for fylkesvegferje skal følgje riksregulativet for ferjetakstar som tidlegare.
 - f. Fylkesdirektøren for samferdsle får fullmakt til å fastsetje endelege takstar og rabattar for buss, båt og fylkesvegferje.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

1. Fylkesdirektøren si vurdering av innspel frå kommunar og andre interesserte
2. Fylkesdirektøren sine framlegg til innsparingstiltak gjeldande frå 20. juni 2016
3. Sognebussen 2016
4. Oversikt over tiltak som fylkesdirektøren sette i verk 2015
5. Oversikt over tiltak som fylkesdirektøren sette i verk 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:
Innspel frå kommunar og andre, sak nr. 15/8289.

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Ruteinnspel frå kommunar og andre

Kvart år vert kommunar og andre inviterte til å kome med innspel til forbetringar av rutesystemet. I år pregar innsparingsprosjektet mange av innspela. Om lag halvparten av innspela går på å få behalde strukturar som er viktige for dei som gir innspel.

Nokre få innspel peikar på ruter som kan takast bort, desse innspela er då gjerne knytt saman med andre innspel om nye ruter til erstatning for det som kan takast bort.

Også i år kjem det inn mange ruteinnspel knytt til justeringar og etablering av nye strukturar. Mange av innspela er gode og er viktige bidrag til å forbetre rutenettet vårt.

Nokre innspel gjeld mindre justeringar og krev etter måten lite ressursinnsats. Andre innspel er meir omfattande og vil krevje ressursar både til planlegging og drift av nye ruter. Det vert ikkje lagt opp til nye større tiltak. Mindre tiltak som vert vurdert hensiktsmessige vert tilrådd.

Fylkeskommunen har starta eit omfattande arbeid med å ta ned kostnadane. Dette vil krevje eit breitt spekter av tiltak.

Inntekter frå rutedrifta er viktig for rutestrukturen i fylket. Marknaden og reisemønsteret endrar seg stadig. Det er difor viktig å kombinere kostnadsreduksjon med revisjon av rutestrukturane.

I 2016 vert det lagt opp til å ta bort dei dårlegaste rutene og elles gjere mindre justeringar. Vidare vert det lagt opp til ein dialog med kommunane vinteren 2015/16 med tanke på større grep i 2017-2019.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Omstillingsarbeid pregar alle delar av Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt budsjettarbeid. Samferdsleavdelinga har presentert ulike omstillings- og innsparingstiltak for politikarar og offentlegheit gjennom omstillingsprosjektet SFJ2019.

Politisk nivå har gjennom vedtak gitt rammer og prioriteringar for retninga på tiltaka som skal gjennomførast årleg framover mot 2019.

I denne saka vil vi konkretisere aktuelle tiltak innanfor kollektivområdet som skal gjennomførast i 2016. Vidare er det oppsummert tiltak som er gjennomført frå 2014, som er 0-året i omstillingsprosjektet. Ved berekning av økonomiske konsekvensar har vi lagt til grunn gjeldande marknadsprisar pr. 2015 samt ei vurdering av inntektsbortfall.

Kostnadane knytt til drift av rutetilbodet i fylket varierer. Kostnadskomponentar som er utanfor fylkeskommunen sin kontroll er ikkje ein del av denne saka. Dette gjeld t.d. endringar knytt til lovpålagd skuleskyss, oljepris og anbudsprisar. Saka er såleis avgrensa til å gjelde aktuelle tiltak for å redusere kostnader og aktuelle tiltak for å betre tilbodet.

Som tidlegare år er kommunar og andre inviterte til å kome med ruteinnspel. Alle tiltak og innspel vert omtalte og vurderte i denne saka.

Omfanget av tiltak og innspel er stort. Det vert derfor ikkje høve til å gå mykje i detalj på kvar einskild rute.

Historikk - Hovudutval for samferdsle si prioritering av innsparingstiltak

Hovudutval for samferdsle har i sak 17/2015 prioritert innsparingstiltaka som vart skisserte i 3 nivå. Nivå 1 er tiltak med minst konsekvens og nivå 3 er tiltak med størst konsekvens. Hovudutvalet har ikkje prioritert tiltaka innanfor kvart nivå. Følgjande tiltak vart prioriterte på nivå 1:

Tabell 1: Vedtekte tiltak på nivå 1 – HS sak 17/2015

Utgreiing	Funksjon	Tiltak	Konsekvens	Ans lag
38 Bilruter	Skule ruter	Optimalisering av skulerutene i samarbeid med kommunar og vidaregåande skular	Nødvendig med tilpassing for både kommunar, fylkeskommunen og den vidaregåande skulen	1,5
38 Bilruter	Skule ruter	Samordning av skuleskyss med færre vogner i bruk.	Lenger reisetid med omvegar/avstikkarar for ein del elevar.	1
38 Bilruter	Lokalrute rbygderuter	Legge ned/om bygderuter med få reisande	Dei relativt få reisande som blir råka må finne andre alternativ enn bygderuta.	1,5
38 Bilruter	Lokal og tilførsels ruter	Legge ned/om tilførselsruter med få reisande	Dei relativt få reisande som blir råka må finne andre alternativ enn tilførselsruta	1,5
38 Bilruter	Regionale ruter	Reduksjon i frekvens og færre rutedagar på ruter med lite passasjerar.	Valfridomen for den reisande til å kome seg rundt i fylket vil verte redusert. Reisebehovet for dei fleste vil bli forsøkt ivareteke, men for nokre blir det meir ventetid, fleire overgangar og færre avgangar å velje mellom.	1
38 Bilruter	Fylkes kryssande ruter	Legge ned fylkeskommunale fylkeskryssande avgangar	Lågare frekvens for publikum	1,5
38 Bilruter	Takst auke buss	Årleg ekstraordinær takstauke på 1%	Prisen vil auke med 1% ut over ordinær takstauke kvart år i 2016(0,7 mill.), 2017 (0.7 mill.) og 2018 (0,7 mill.)	2,1
39 Kollektiv båt	Skule ruter	Ta vekk skuleskyss mellom Hardbakke og Mjømna/Austrheim for vgs. elevar frå Solund	Skuleåret 2014/2015 er det svært få elevar som nyttar denne ruta. Dei som nyttar denne ruta må flytte på hybel	2
39 Kollektiv båt	Lokal ruter	Redusere rutetilbodet til minimumsnivået definert i fylkestingsak 11/10 på stader med svært få fastbuande. Redusere frekvens/ta vekk rutetilbod slik at det er tilpassa tal innbyggjarar langs ruta og reiseaktivitet.	Innbyggjarar som vert råka får færre alternative reisedagar. Redusert tilbod for turistar og sommargjester.	1
39 Kollektiv båt	Ekspress båtane	Frå 1. mai 2015 vert det sett inn mindre båt på Sognebåten	Komfortmessig vil dei reisande merke at båten er mindre. Vidare har propellanlegg eit anna støy- og vibrasjonsbilete.	5
39 Kollektiv båt	Takst- auke båt	Årleg ekstraordinær takstauke på 1%	Prisen vil auke med 1% ut over ordinær takstauke kvart år i 2016(0,5 mill.), 2017 (0.5 mill.) og 2018 (0,5 mill.)	1,5
40 Ungdoms -tilbod	Trygt heim for ein 50 lapp	Auke prisen til 100 kroner for dei under 30 år og til 200 kroner for dei som er over 30 år.	Ordninga vert dyrare for dei reisande.	0,3

41 Ferje-samband	Midt på dag ruter	Ta vekk 1 rundtur midt på dag på samband med høg frekvens og lite trafikk	Ekstra ventetid.	1
41 Ferje-samband	Legge ned Fure ferjekai	Legge ned Fure ferjekai	Ekstra reisetid for dei som har ferje til/frå Fure som raskaste reiseveg.	2
41 Ferje-samband	Endre takst-matrise ferje	Flytte alle ferjestrekningar opp ei takstsone	Persontaksten aukar med 1 -2 kroner, personbiltakstane med 6 - 7 kroner og prisen på vogntog med 20 - 26 kroner pr. takstsone - alle prisar før rabatt.	1
Sum Nivå 1				25,9

Innsparingstiltak 2014-2017

38 Bilruter

Før buss er det i 2016 foreslått kutt og omlegging av ruter i størrelsesorden 3,15 mill. kr. Sjå vedlegg 2.

Framlegga avspeglar dei fleste av tiltaka som var omtalte i omstillingsprosjektet på forsommaren i år.

Skuleskyssbehovet varierer heile tida. Elevar flyttar, skuletidene endrar seg, og 6-åringar har større rettigheter knytt til skyss første skuleåret. Det er dynamikk i skuleskyssbehovet, noko som fører til mange større og mindre endringar. Slike justeringar vert ikkje ein del av omstillingsarbeidet, då dette er lovpålagte oppgåver som dimensjonerer ressursinnsatsen. I enkeltsaker der kombinerte skule og bygderuter vert tekne bort, er desse ført opp som kuttforslag når bortfall av bygderuta får betydning for lokalrutetilbodet.

Ruter med få reisande

Dei fleste kutta gjeld deler av ruter med få reisande. Med deler meiner vi at ikkje nødvendigvis heile ruta vert lagt ned, men trafikksvake strekningar og/eller trafikksvake dagar.

Fylkesoverskridande ruter

Fylkeskommunen har som eit kostnadsreducerande tiltak vore opne for kommersialisering av fylkeskryssande ruter.

Sognebussen Sogndal – Bergen vert gjort kommersiell 1.juli 2016. Vidare vart *Valdresekspressen* Årdal/Lærdal – Fagernes – Oslo gjort kommersiell frå 1. januar 2015. Desse omleggingane er med å redusere fylkeskommunen sitt engasjement og økonomiske risiko i bussruter utanfor fylket, samstundes som det fylkeskryssande tilbodet i hovudtrekk vert vidareført.

Det er berekna at fylkeskommunen sparar om lag 1,5 million kroner årleg i tillegg til at mykje økonomisk risiko er teken bort.

Nedlegging av kommersielle fylkeskryssande ruter

Nettbuss ekspress har lagt ned ein kommersiell avgang mellom Leikanger og Oslo tidleg på morgonen. Dette var ei nyoppretta rute som hadde lite lokalrutefunksjon. Det har soleis ikkje vore noko stort behov for å erstatte lokalrutefunksjonen på denne ruta.

Nettbuss ekspress søker no om å få legge ned ein avgang, samt flytte tidspunkt for ein annan avgang mellom Måløy og Oslo. Denne saka er til politisk handsaming som eiga sak. Førre gang det var omleggingar på Nordfjordekspressen (2014) gjekk fylkeskommunen inn og kjøpte rutetenester lokalt for 930 000 kr for å ivareta dei lokalreisande.

Skuleruter

Det einaste kuttframlegget som ikkje vert fremja på buss for 2016 er omlegging av skuleruter som gjev elevar lenger reiseveg. Dette vert vurdert som for kontroversielt til å ta med i denne omgang, men vil vere aktuell endring ved ytterlegare innsparingskrav på bilruter.

Tidlegare rutekutt

Nedtaket av ruteproduksjon starta i 2014. I samband med anbudsutlysing i 2012 i Nordfjord gjorde fylkesdirektøren ei rekkje mindre tiltak som i sum utgjorde innsparingar i størrelsesorden 1,86 mill. kr. Desse tiltaka var gjort før SFJ 2019, og vil ikkje telje med i «SFJ 2019-rekneskapen».

I tillegg vart det gjennomført ei rekkje administrative endringar undervegs i 2014. Det er utstedt endringsordrar i Nordfjordpakken med eit nedtak på 3,2 mill. kr. Rutene over Kviven (HS-sak 9/14) inngår i endringsordrane og utgjør 1,15 mill. kr. Resten knyter seg til justeringar i skuleruter og vert difor ikkje rekna med i innsparingsprosjektet.

Fylkesdirektøren vil gjere merksam på at Nordfjordregionen har vore gjennom ein kuttrunde, noko som vil gjere at det er færre ruter å ta bort ved seinare høve.

Det er i 2014 og 2015 gjort ei rekkje justeringar i rutetilbodet. Noko er gjort av fylkesdirektøren etter fullmakt, andre endringar kjem etter vedtak i samferdsleutvalet.

Følgjande vedlegg syner planlagde og gjennomførte endringar innan buss:

Vedlegg 2 Rutereduksjonar 2016

Vedlegg 3 Sognebussen 2016

Vedlegg 4 Administrative endringar 2015

Vedlegg 5 Administrative endringar 2014

Tabell 2: Innsparingstiltak 38 Buss oppsummert 2014-2016:

	2014	2015	2016	SUM
Adm. Endringar	880 000	330 000		1 210 000
Politisk vedtak	220 000	2 500 000	4 150 000	6 870 000
SUM	1 100 000	2 830 000	4 150 000	8 080 000

39 Båt

Eit av innsparingstiltaka i tabell 1 er å redusere rutetilbodet til minimumsnivået definert i fylkestingsak 11/10 på stader med svært få fastbuande. Å redusere frekvens/ta vekk rutetilbod slik at det er tilpassa tal innbyggjarar langs ruta og deira reiseaktivitet er vedteke.

Bygderuta til Sandøy vert derfor foreslått nedlagt. Det er ikkje lenger fastbuande på Sandøy. Vidare vert frekvensen til Alden redusert grunna færre innbyggjarar. Begge rutene ligg i Askvoll. Dette gjev ei forventa innsparing på 0,35 mill. kr.

40 Ungdomstilbod

Det er ikkje foreslått tiltak i denne kategorien for 2016.

Når det gjeld ungdomskort er det gjennomført ei administrativ innsparing i 2014 som gjev ei innsparing på om lag 1 mill. kr. Denne innsparinga gjeld måten ordninga vert administrert på, og har difor ikkje konsekvens for dei reisande.

Ungdomskortet utgjør størstedelen av kostnaden innanfor kategorien ungdomstilbod. Bruken av ungdomskort er går ned. Ordninga kosta fylkeskommunen om lag 5,5 mill. kr i 2014 mot om lag 7 mill. kr i 2012.

41 Ferjesamband

Det er ikkje foreslått tiltak i denne kategorien for 2016.

Innkome ruteinnspel med fylkesdirektøren sine vurderingar

Kvart år inviterer fylkeskommunen kommunar og andre med interesse for rutetilbodet til å kome med innspel for å gjere rutetilbodet betre.

Totalt har det i år kome inn 66 innspel. Innspela går på alt frå mindre rutejusteringar til oppretting av nye ruter som medfører større kostnader. Kommunar, interesseorganisasjonar og privatpersonar har sendt inn innspel. Det er registrert 46 innspel om nye/justerte ruter, 19 innspel om å få behalde ruter og 1 innspel som foreslår å kutte i rutetilbodet mot å få noko anna i staden.

Fylkesdirektøren legg opp til at rutetilbodet i stor utstrekning vert vidareført i 2016. Berre innspel om mindre rutejusteringar vert imøtekomne. Totalt har fylkesdirektøren tilrådd å imøtekome 14 innspel om endring/nye ruter, i tillegg vert det i 2016 ikkje foreslått endringar på dei 19 innspela om å frede rutetilbodet.

Døme på innspel som vert imøtekomne er oppretting av bestillingsrute frå Daløy kl. 0825 til Hardbakke kl. 0845 Dx67 i skulefrie periodar. Oppretting av ruta medfører at reisande frå Ytre Solund kan reise kollektivt til Krakhella og vidare med ekspressbåt til Sunnfjord og Nordfjord.

Fylkesdirektøren sitt forslag til vedtak på innkomne ruteinnspel medfører ein årleg kostnadsauke på kr. 18.300,-

Takst

Takstane vert regulerte kvart år. Seinare år har takstane blitt regulerte noko over konsumprisindeksen, noko som har vore naturleg då prisauken i sektoren har vore godt over KPI. Lågare oljepris endrar dette biletet og det vil vere naturleg å ha ei normal regulering av takst på linje med den generelle prisutviklinga i samfunnet, dvs. KPI.

Siste tilgjengelege KPI-tal når denne saka vart skriven var frå august. Auken frå august 2014 til august 2015 var på 2 %. Ved takstjustering ved nyttår vil vi nytte sist tilgjengelege KPI tal som grunnlag.

I samband med arbeidet med kostnadsreducerande tiltak vart det sett fram forslag om ekstraordinær takstauke på 1% årleg for buss og båt. Vidare skulle ferjene gå opp ei takstsone kvart år. Riksregulativet for ferjetakstar vert nytta på ferje, høve til regulering knyter seg til å endre takstsonene. Hovudutval for samferdsle signaliserte at takstauken skulle skje gradvis.

Inntekter 2014

Lokalbåt:	7	mill. kr
Ekspressbåt:	82	mill. kr
Buss:	87	mill. kr *
Ferje:	27	mill. kr

**Kommersialisering av fylkeskryssande bussruter gjer at deler av billettinntektene fell bort frå den fylkeskommunale sektoren.*

Fylkesdirektøren rår til at det vert gjort ein ekstraordinær takstauke på buss og båt med ein prosent. Forventa auka inntekt er 0,6 millionar kroner for buss og 0,5 mill. kr for båt.

For ferje vurderer fylkesdirektøren det til at ein bør vente med å auke alle sambanda med ei takstsone.

Prosess 2017 – 2019

Tiltaka frå 2017 kjem til å få større konsekvensar for fleire. Fylkesdirektøren vil derfor invitere kommunar som har interesse av det, til dialogmøte. Dette for å sikre at administrasjonen har god nok innsikt i ulike behov rundt om i fylket.

Økonomi

Ramma for samferdsle i 2016 er på om lag 918 millionar. Ramma for kollektivdelen utgjer 470 millionar. I tillegg har rutedrifta forventa billettinntekter på om lag 200 millionar. Samferdsle har såleis rom for å kjøpe kollektivtenester i 2016 for om lag 670 millionar.

Fylkestinget vedtok i økonomiplanen for 2016 – 2019 (FT sak 26/2015) følgjande rammer for kostnadsreducerande tiltak innanfor kollektivområdet:

Tabell 3: Kostnadsreducerande tiltak FT sak 26/2015

Innsparingskrav kollektiv Jfr. FT vedtak 26/2015	2016	2017	2018	2019
---	-------------	-------------	-------------	-------------

#39 Sognebåten	4,8	4,8	4,8	4,8
#43 Terminalar og Venterom			0,2	0,2
#40 Ungdomstilbod			2,3	2,3
# 38 Bilruter			9,4	14,1
#39 Kollektiv båt			4,5	6,7
#41 Ferjesamband			4	6
SUM kollektiv				34,1

Det tar tid å konkretisere innsparingstiltak innanfor kollektivsida. Tiltaka skal greiast ut og vedtakast nesten eit år før dei vert sett ut i livet. Vidare gjer omsynet til inntektssida på 200 millionar at vi må gå forsiktig og gradvis fram.

Arbeidet med innsparingstiltak vart difor sett i verk hausten 2014 der fylkesdirektøren etter gjeldane fullmakt gjorde mindre justeringar. Vidare vart det i kjøpsaka som var til behandling hausten 2014 vedteke ei rekke kuttframlegg, gjeldande frå 1. mai 2015.

I denne kjøpsaka vert det føreslege nokre nye ruter, rutejusteringar og rutekutt. Størstedelen av forslaga gjeld rutekutt frå 20. juni 2016. Tidlegare år har ruteskiftet vore 1.mai. Vi legg no dette om slik at ruteskiftet kjem mellom to skuleår.

Tabellen under syner korleis dei økonomiske verknadane av gjennomførte og føreslegne tiltak vert fasa inn. Vidare syner den korleis vidare innfasing av innsparingstiltak bør planleggast for åra 2017-2019.

Tabell 4

Innfasing av innsparingstiltak kollektiv	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Sum
#39 Sognebåten		4,8					4,8
#43 Terminalar og Venterom					0,2		0,2
#40 Ungdomstilbod	1				1,3		2,3
# 38 Bilruter	1,1	2,83	4,75	2,2	2,1	1,12	14,1
#39 Kollektiv båt			0,85	1,9	3	0,95	6,7
#41 Ferjesamband				2	2	2	6
SUM kollektiv							34,1

3. Vurderingar og konsekvensar

Kollektivområdet står framfor merkbare kutt. Inntektssida utgjer nærare 200 millionar og er ei viktig finansieringskjelde. Det er difor viktig at dei innsparingstiltaka som vert gjort er gjennomtenkte og treffer rett. Det er viktig at administrasjonen saman med operatørane og kommunane/skulane får tilstrekkeleg tid til å arbeide fram rasjonelle løysingar der ruteløpa er optimaliserte. Vidare er det viktig at vi har tid og handlingsrom til å justere oss dersom det skulle syne seg at noko får utilsikta verknader. Samferdsleavdelinga starta difor opp arbeidet med å nedskalere ruteproduksjonen i 2014.

Kuttframlegga som gjeld frå 20. juni 2016 er ikkje av dei mest kontroversielle. I denne runden har fylkesdirektøren foreslått ruter som høyrer heime på nivå 1 i prioriteringssaka til samferdsleutvalet, sjå HS sak 17/2015. Dette er tiltak som skal gi konsekvensar for færrest mogleg, men for dei som vert råka får det likevel konsekvensar.

Det er i 2017 - 2019 at dei større tiltaka skal vurderast. I forkant av dette vert det lagt opp til dialog med kommunane. Fornyng og reorganisering av delar av rutenettet vil vere ein naturleg del av arbeidet med kostnadsreduksjon.

Det er på buss endringane har vore størst fram til no. Summen av gjennomførte tiltak og tiltak som vert foreslått gjennomførte i 2016 er stor. Spesielt fylkesoverskridande ruter i indre Sogn, der mykje av rutenettet vert reorganisert som ein del av kommersialiseringa, er å rekne som

omfattande endringar. Kommersialisering av fylkeskryssande ruter har både positive og negative sider. Det positive er at kommersielle aktørar har ein fordel i arbeidet med å utvikle rutesystem på tvers av fylkesgrenser. På den andre sida fyller dei fylkeskryssande rutene viktige lokalrute-funksjonar. Det kan vere krevjande å flette saman desse strukturane til eit heilskapleg rutenett. Risikoen er stor for at fylkeskommunen må etablere lokalruter for å sikre eit heilskapleg rutetilbod.

Det er ei utfordring å omtale kvar enkelt rute med tilstrekkeleg informasjon utan at volumet vert uhandterleg. Fylkesdirektøren har laga eit oppsett der det som vert vurdert som mest nødvendig er lista opp. Tabellane vert lagde ved saka som vedlegg.

4. Konklusjon

Ruteinnspel

Mindre justeringar vert imøtekomne i dei tilfella det vert vurdert å vere hensiktsmessig.

Innsparingstiltak

Ruter, rutedagar og rutestrekningar med få reisande rår vi til vert lagde ned. Fleire fylkeskryssande ruter er gjort om til kommersielle ruter i eigne saker. Det vert oppretta nokre lokalruter der det har falle bort ruter etter omorganisering.

Det vert ikkje foreslått større grep i 2016. Det vert lagt opp til dialog med kommunane i samband med innsparingar i rutedrifta 2017 -2019.

Fylkesdirektøren har i 2014 og 2015 gjort fleire mindre administrative justeringar av rutetilbodet. Desse vert tekne til vitande.

Takstar

Det vert gjort ein ekstraordinær takstauke for buss og båt på ein prosent frå 2016. På fylkesvegferjene brukar vi riksregulativet.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)